

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 22.02.2008
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 22.01.08 - 22.02.08**

Styresak 026/08 O
Administrerande direktør si orientering pkt 7

Styremøte 06.03. 2008

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 22.01.08 – 22.02.08
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	19.12.07	<p>Riksrevisjonen undersøker utviklinga i ventetid for pasientar innan diagnosegruppene revmatiske sjukdomar, tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige og fysikalsk medisin og rehabilitering og har bedt om å få tilsendt informasjon om kva tiltak som er sett i verk for å redusere ventetid i tråd med Stortinget sine vedtak.</p> <p>Riksrevisjonen ber vidare om at det blir gjort greie for kva kontrollmekanismer Helse Vest RHF har for å sikre at rapporteringa til Fritt sjukehusval blir gjort på ein slik måte at pasientane får eit best mogleg grunnlag for å kunne velje sjukehus.</p> <p>I tillegg blir det bedt om ein orientering om status for det tverrregionale samarbeidsprosjektet "Riktigere prioritering i spesialisthelsetjenesten".</p>	<p>Svarfrist: 25.01.08.</p> <p>Svar til Riksrevisjonen er sendt 24.01.08. I svarbrevet er det gjort greie for ventetidene per 31.12.07 og utvikling i ventetid innanfor dei aktuelle områda. Det er vist til at Helse Vest nyttar styringsdokumenta til helseføretaka med tilhøyrande rapporteringsrutinar til å stille krav til og følgje opp arbeidet. Helse Vest har ikkje funne grunn til å sette i verk tiltak når det gjeld utvikling i dei aktuelle ventetidene.</p> <p>Det er vidare gjort greie for kontrollmekanismer for å sikre rapporteringa til Fritt sjukehusval og om arbeidet kring sikring av einskapleg praktisering av prioriteringsforskrifta.</p>

	10.01.08	<p>Riksrevisjonen ber om ei utgreiing om kva Helse Vest RHF gjer eller har planar om å gjere for å redusere omfanget av ufrivillig deltid i helseføretaka.</p> <p>I tillegg blir det bedt om opplysingar vedrørande bruk av innleigde vikarar.</p>	<p>Svarfrist: 22.02.08.</p> <p>Svar til Riksrevisjonen er sendt 21.02.08. I brevet er det gjort greie for deltidundersøkinga som blei gjennomført i august 2007, oppfølginga ovanfor helseføretaka i fjor haust og dei krav som nå er sett i styringsdokumenta for 2008.</p> <p>I tillegg er det gitt ein oversikt over kor mykje av helseføretaka sine lønskostnadar som blei brukt til innleie av vikarar i løpet av 2007.</p>
	29.01.08	<p>I Dokument nr. 1 (2006-2007) rapporterte Riksrevisjonen om avtale med privat aktør (Eurosleap) om snorkebehandling i Helse Bergen HF. Riksrevisjonen ber om at det blir gjort greie for korleis Helse Vest RHF har følgd opp saka.</p> <p>I tillegg blir det bedt om ein rekke opplysingar knytt til operasjonar mot sosial snorking i føretaksgruppa og det einskilde helseføretak i 2007.</p>	<p>Svarfrist: 22.02.08.</p> <p>Svar til Riksrevisjonen er sendt 24.02.08. I brevet er det gjort greie for at avviklinga av samarbeidet med Eurosleap blei gjort som planlagt og i tråd med dei føringane som blei gitt frå Helse- og omsorgsdepartementet. Verksemda opphøyrt per 31.12.06.</p> <p>I brevet er det vidare gitt ein oversikt over kostnadar til operasjonar mot sosial snorking i 2007, kor mange slike operasjonar som fann stad og kor dei blei utført. Det er også gjort greie for Helse Vest si vurdering av prosjektet for behandling av sosial snorking ved Stavanger Universitets-sjukehus og forholdet til prioriteringsforskrifta og for behandlingstilbodet i 2008.</p>
Statens helsetilsyn	Mars 05	Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus.	Rapportering frå Helse Bergen for januar 2008 viser at det ikkje har vore korridorpatientar eller blitt brukt korridor plassar i akuttmottaket eller korttidsavdelingane. Det betyr at det frå 27.09.07 til utgangen av januar ikkje har vore brukt korridor plassar.
	24.01.08	I brev frå Statens helsetilsyn blir det med bakgrunn i ein førespurnad frå Helse Nord RHF streka under at plikta til internkontroll etter lov om statleg tilsyn med helsetenesta også gjeld for regionale helseføretak.	

Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatilsynet	Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda.		
Sivilombudsm.	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		
Konkurransetilsynet	19.09.06	Konkurransetilsynet har motteke ein klage frå Fana Medisinske Senter kor det er uttrykt mistanke om mogleg ulovleg prissamarbeid mellom to sjølvstendige tilbydarar som har delteke i konkurransen. For å kunne vurdere saka ber tilsynet om innsyn i dokumenta i saka.	Aktuelle dokument er oversendt Konkurransetilsynet ved brev av 28.09.06. Konkurransetilsynet har i vedtak av 22.01.08 konkludert med at anbodssamarbeidet mellom dei aktuelle tilbydarane er i strid med konkurranselova. Vedtaket er retta mot dei to leverandørane og inneberer eit pålegg om opphør av prissamarbeid ved framtidige anbodskonkurransar. Avgjerda får ingen verknad i forhold til løypande kirurgavtaler med private leverandørar.

Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden.		
Statens helsetilsyn	02.07.07 30.10.07	Varsel om tilsyn med Haugaland A-senter 3. oktober 2007. Oversending av endeleg rapport. Ved tilsynet blei det avdekkta to avvik. <ol style="list-style-type: none"> 1) Liten tilgong til psykiatrisk/medisinsk kompetanse førar til at pasientar ved Haugaland A-senter ikkje alltid får forsvarleg vurdering, utgreiing og behandling. 2) Haugaland A-senter har ikkje eit samla journalsystem. Det er gitt frist til 31.12.07 for tilbakemelding om kva tiltak som vil bli sett i verk for å lukke avvika.	
	24.12.07	Helse Stavanger HF, Stavanger Univesitetssjukehus. Overbelegg og korridorpatientar. Helsetilsynet i Rogaland uttrykker at dei med bekymring har følgd utviklinga ved sjukehuset vedrørande overbelegg og det høge talet korridorpatientar, og at dei i 2008 vil ha kvartalsvis rapportering som inneheld følgjande: <ul style="list-style-type: none"> - oversikt som viser sengetal, prosentvis belegg og korridorpatientar fordelt på dei enkelte klinikkane - leiinga sin vurdering av kva sengeposter som er særleg hardt ramma og eventuelle strakstiltak for å 	

		<ul style="list-style-type: none"> - leiinga sin vurdering av om dei tiltak som blir sett i verk for å redusere overbelegget har forventa effekt - leiinga sin vurdering av om sjukehuset si drift er fagleg forsvarleg relatert til det høge talet korridorpatientar
	14.01.08	Varsel om tilsyn med Frelsesarmeens Behandlingscenter, avd Heskestad 12.03.08. Tilsynet omfattar inntak, utgreiing, behandling og utskriving av pasientar.
	17.01.08	<p>Oversending av rapport frå tilsyn ved BUP Fjell 6. – 7. desember 2007. Tilsynet omfatta inntak, utgreiing, behandling og samarbeid med kommunale tenester. Det blei gitt to avvik ved tilsynet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Helse Bergen HF har ikkje tilstrekkelig legekompentanse i form av spesialistar innan barne- og ungdomspsykiatrien ved BUP Fjell - det blir ikkje utarbeidd individuell plan for alle pasientar som har behov for langvarige og koordinerte tenester <p>Helse Bergen HF er gitt frist til 1. juni med å gi melding om kva endringar som blir gjort og kva som er effekten av desse tiltaka.</p>
Arbeidstilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.
Datatisynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.
Statens strålevern		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.
Klagenemnda for offentlige anskaffingar		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.
Sivilombudsmannen		Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.